

Juryen si grunngeving

Juryen meiner Radøy kommune sin søknad og innsats for å vedlikehalde og styrke bruken av nynorsk – både internt i kommunen og i lokalsamfunnet, skiller seg ut blant årets søkjarar. Radøy har mange tilflyttarar med bokmål som språkform, og nynorsken er dermed utsett for eit stort press i kommunen. Juryen har merka seg at Radøy kommune set bruk av nynorsk inn som eit satsingsområde i sitt omdømearbeid. Radøy satsar på språkkrettleiing av dei kommunalt tilsette i etterkant av internkursing i nynorsk. Radøy har også eit medvite forhold til samarbeid med ymse lag, organisasjonar og lokalt næringsliv for å løfte fram nynorsken. Juryen vil og trekkje fram at det er positivt og nytenkjande at Radøy har tilsett ein ungdomskoordinator som jobbar tett med ungdommane i kommunen. Radøy kommune har lagt vekt på at ungdomskoordinatoren skal bruke nynorsk i all marknadsføring og informasjon mot dei unge.

Juryen vil framheve Eid kommune for å vere aktiv medspelar for eit særskild kreativt kulturliv som nyttar nynorsk konsekvent i all profilering. Opera Nordfjord er åleine om å produsera nynorsk opera på eit profesjonelt nivå.

Juryen vil også framheve Vinje kommune som fortener ros for sitt langvarige, solide og systematiske arbeid med nynorsk. Vinje byggjer aktivt ein profil som nynorskkommune i kulturarbeid og kulturarrangement.»

I juryen satt:

- Kristin Solbjør, Språkrådet
- Rune Hetland, Landslaget for lokalaviser
- Vidar Høviskeland, Landssamanslutninga av nynorskkommunar
- Gunn Berit Gjerde, Fylkestinget Møre og Romsdal
- Christine Hjortland, Kommunal- og moderniseringsdepartementet